

# ENGELSK BRODERI






Møre og Romsdal Fylkeshusflidslag



# Innhald

Føreord .....	2
Litt historikk .....	4
Litt om engelsk broderi .....	6
Saumteknikk .....	8
Litt om stell av tekstilar .....	9
Saumteknikk i detalj .....	10
Osteband frå Haram .....	12
Tørklemappe frå Storfjord .....	14
Krage frå Surnadal .....	16
Krage frå Rauma .....	18
Brikke frå Molde .....	20
Brikker frå Fræna og Rauma .....	22
Løparar frå Surnadal og Rauma .....	26
Duk frå Ørskog .....	28
Duk frå Storfjord .....	30
Dåpskjole frå Molde .....	32
Frontstykke frå Fræna .....	33
Pyntehandkle frå Ålesund .....	36
Pyntehandkle frå Fræna .....	37
Pyntehandkle frå Haram .....	38
Pyntehandkle frå Ørskog .....	39
Duk frå Storfjord .....	42
Duk frå Haram .....	44
Duk frå Molde .....	46
Duk frå Surnadal .....	48
Forkle frå Molde .....	50
Sengesett for baby, frå Aure .....	52
Sengesett frå Rauma .....	53
Mønsterdetaljar .....	54
Alfabet og tall .....	60
Husflidslagene i Møre og Romsdal .....	62
Husflidsutsalgene i Møre og Romsdal .....	63
Husflidsutsalgene i Norge .....	64



Utgiver: Møre og Romsdal Fylkeshusflidslag 1997

975121-03.1000 Hatlehols Trykkeri AS

Grafisk utforming/fotografering: Sjur Fedje, Molde

Mønsterkopiering: Kari Angvik, Molde

Tekster: Dordi Husby Fedje

ISBN82-992164-0-0

# Føreord

---

Møre og Romsdal Fylkeshusflidslag ynskjer år om anna at dei lokale husflidslaga kan arbeide med like oppgåver. Difor vart det på årsmøtet i 1988 vedteke å arbeide med broderi som emne for arbeidsåret 1988–1989. Det vart sett ned ei nemnd på fire personar til det vidare arbeidet.

For lettare å kome igang med aktivitetar vart det utarbeidd «inspirasjonspakkar» i fire ulike teknikkar. Det var namnedukar, leggsaum, smøyg og engelskbroderi. Som felles aktivitet skulle ein arbeide med ei registrering av broderi og lage ei stor utstilling våren 1989. For ikkje å spreie seg på alt for mange områder vart emne avgrensa til dåpskle og engelskbroderi. Størst interesse vart det for engelskbroderi, som var særleg populært frå 1900 til om lag 1920. Mange av laga deltok, og det vart registrert om lag 850 broderi.

Resultatet av registreringa vart vandreutstillinga «Opp frå kistebotn», som vart sett saman av ting frå dei lokale husflidslaga. Utstillinga var vist på fem stader i fylket.

Da det tydeleg var ei stor interesse for engelskbroderi, vart det og utarbeidd nokre ferdige broderipakkar.

---

Det finst svært lite materiale om engelsk broderi. Vi har fått mange spørsmål om å vidareføre noko av det materialet vi fekk inn på registreringane. Difor trur vi i Fylkeshusflidslaget det kan vere interesse for eit hefte som tek opp denne teknikken.

I heftet vil ein finne små enkle ting, og ting som krev tid og tålmod. Men vi vil og ynskje at heftet kan gje inspirasjon til nytteting for notida. Heftet viser breidda av engelskbroderi i fylket.

Fylkeshusflidslaget vil takke husflidskonsulent Martha Soldal for at ho sette arbeidet med registreringa og vandreutstillinga igang. Likeeins takkar vi husflidskonsulent Dordi Husby Fedje for arbeidet med å samle stoff til dette heftet. Og ikkje minst ein takk til lokallaga som deltok i registreringa, og for den iver dei synte.

Vi vonar dette heftet vil vere til inspirasjon for mange. Ein god idé er å skipe ein studiering i emnet engelskbroderi.

Oktober 1990

*Møre og Romsdal Fylkeshusflidslag*

# Litt historikk

---

Kva er broderi? Enklast kan vi svare at det er kunsten å dekorere eit botnstoff med sting til å forskjønne eller utsmykke stoffet.

Alt frå gamal tid har kvinnene skapt dei finaste ting med nål og tråd, men broderikunsten har oppstått på fleire stader. Det eldste kjende bevarte broderiet i vår kulturkrins er frå danske bronsjealderfunn.

I medelalderen blei ein stor del praktbroderi utførde i klostra. I medelalderens Tyskland, glassperler i staden for edelstein og ekte perler. Linstoff og lintråd kom i staden for silke, sølv og gulltråd. Dette ga støtet til nye broderier. Det vart no perlearbeid med glassperler og kvitsaum på linstoff med lingarn. Stinga vart ikkje berre brukt til å dekkje botnstoffet. Det blei laga ymse typer hol for å få til andre effektar, kalla for utskarsaum. Døme på slike teknikkar er hardangersaum, hedeboasum og engelsk broderi.

I det 16. hundreåret vart den spanske malerkunsten ei rettesnor for broderia. Det vart svartsaum med innvikla motiv av stilkar som slynga seg mellom fylte blad. Etter kvart blei det brukt vevde og «polstra» teknikkar for å heve stinga frå botnstoffet. Det blei den såkalte relieffsaumen.

Ein ny stil fekk vi i det 17. hundreåret, kjent som jacobeansk saum. Broderia var med kulørt ullgarn i store mønstre av blad, fuglar og

anna. Det er mogleg at stilen kom frå dei trykte orientalske bomullstoffa.

Broderi på klede vart mykje brukt i det 18. hundreåret. Kvinnekledda hadde broderte skjørt og livstykker. Mannen hadde ofte brokadevestar overbroderte med blomstermotiv.

Kvitsaum vart mykje brukt til lintøy, underklede, nattkjolar og barneklede. Dette heldt seg utover i det 19. hundreåret, og også inn i det 20. hundreåret. Særleg populært var engelskbroderiet frå 1900 til om lag 1920.

Ei tid såg det ut som det europeiske broderiet var på tilbakegang, medan broderi frå indianarar og afrikanske stammar tok over. Men no ser det ut til at handarbeidsteknikkane til bestemødrene og oldemødrene våre blir populære igjen. Og engelskbroderiet har vore ein av dei broderiteknikkane som var populær, og som no vil få nytt liv.

Denne typen broderi høyrer til siste periode av utskarsaum. Utskarsaum er kvitsaum der større eller mindre partier av stoffet blir klipt bort og erstatta delvis av utsydde grunnsaumar. I siste halvdel av 1800 åra går smaken i naturalistisk retning. I staden for å trekkje trådane ut, klipper ein formene slik at stoffet blir bretta inn, og det blir sydd over konturane med cordonnetsting eller knappholsting. Mønstra er ofte enkle frukt- eller blomstermotiv.

# Litt om engelsk broderi

---

Engelsk saum er eit holbroderi i kvitsaum. Det blir ofte kombinert med tjukksaum til naturalistiske mønster. Registreringa som Fylkeshusflidslaget fekk igangsett viste at dei fleste broderia var frå begynnelsen av dette hundreåret, og heilt fram til 1940.

Kvar fekk dei mønster frå? Av dei 850 registrerte tekstilane var mest ingen heilt like. Ein kunne likevel sjå at nokre hadde brukt same mønster, men laga sin eigen variasjon på broderiet. Eldre folk har fortalt at dei fann mønster i vekeblad, bøker, utanlandske broderibøker og anna. Desse teikna dei av for å brodere etter. Dei lånte mønster av kvarandre, og dei sendte også mønster til venner rundt om i landet. Broderi som liknar kvarandre vart ikkje registrert på same staden, men ofte langt frå kvarandre i fylket.

Motiva til broderia var inspirert frå den tida dei vart sydd. Jugendstil-motiv (Art Nouveau) kjem att i broderia, slik som blomsterranekar, solsikker, drueklasar, hol, sløyfer og tunger.

Av dei registrerte broderia var det både pryd- og nyttetekstilar. Det var alt frå store dukar til små brikker og løparar i utallige variantar. Lintøysett med overlaken, putevar, pyntehandkle og skittentøypose. Slike sett hadde same mønsteret, som vart brukt heilt eller delvis etter størrelsen på tekstilet. Vi fann og sett med nattbordbrikkar, kommodeløpar, lommeørklemappe og nattøypose. Det var eit utal



---

variantar og kombinasjonar som kom fram. Men det vart og registrert pyntekapper på senger og gardiner.

Engelsk broderi på klede var av det eldste materialet. Her fann ein undertøy, forkle og dåpsklede. Alt rikt dekorert.

Engelsk broderi var eit folkeleg broderi som alle lag av folket heldt på med. Mange unge jenter var det som broderte utstyr til sin framtidige heim.

I «Bryllupsboken» frå 1920–1930 åra er det nemnt kva ei ung jente må ha med av utstyr. I linnetskapet skulle det vere dukar med serviettar, sengetøy og anna fint broderi.

Jenter som gifte seg så seint som kring 1940, fortel at dei sydde utstyr i engelsk broderi til heimen sin. Det finaste overlakenet med putevar vart reidd opp til bruresenga.

Dette er nok grunnen til at vi finn så mykje fint broderi frå vår nære fortid. Og det synleggjer den store mengda av kvinnearbeid som vi må ta vare i framtida. Mange av dei tekstilane som vart registrerte er sletne av års bruk og vask, og toler ikkje meir bruk.

Vi vonar at heftet vil gje inspirasjon til å skape nye ting, slik at dei mønstra som er avbilda i heftet kan bli brukt i nye kombinasjonar. Og kanskje kan daglegdagse ting som lommetørkle og handkle få eit monogram, eller til dømes ein blomst eller ein liten drueklase.

# Saumteknikk

---

Bruk gjennomskinleg papir, til dømes matpapir, for å overføre mønsteret frå heftet. Bruk mjuk blyant. Når mønsteret er overført til papiret, legg ein det med blyantsida mot stoffet og brukar ein hard blyant for å overføre mønsteret til stoffet. Trykk ikkje for hardt. Hugs berre at mønsteret blir spegelvendt i forhold til heftet. Bruk ein spegel så er det lettare å sjå korleis mønsteret blir sjåande ut på stoffet. Ein kan også teikne på begge sidene av papiret.

Skal motivet overførast fleire gonger, løner det seg å bruke eit markeringspapir. Med større produksjon kan ein og bruke spesialblyant på kalkerpapir for overføring av mønsteret. Då brukar ein strykejarn for overføringa. Mønsteret kan da brukast fleire gonger utan slitasje.

Mønsterrapportane må følgje trådretninga i stoffet, då vil det ikkje trekkje seg. Det løner seg å markere trådretninga både på langs, på tvers og diagonalt med tråkning. Plasser motiva etter ynskje, men så langt inne på stoffet at det blir plass til tungekant eller fald.

Mønstra i heftet er teikna direkte frå gamle tekstilar. Difor kan hol og bogar vere usymmetriske. Ynskjer ein heil og rein symmetri kan myntar, kaffekoppar eller skåler brukast til å teikne jamne sirklar eller bogar.

Er ein nybegynnar kan det løne seg å teikne ut ideen på papir og så overføre det til stoffet. Hugs at dei strekane som kjem på stoffet blir dekte av stinga. Ikkje teikn meir enn naudsynt på stoffet, blyantstrekane kan vere vanskelege å ta bort etterpå.

Men for å få til eit vellukka broderi må det brukast naturmaterialer. Stoffet må vere av lin, halvlin eller bomull i ein tett kvalitet.

Garnet må vere av god kvalitet, namnegarn nr. 12, 16 eller 20 er best egna både til kanting av hol og tjukksaum. Hugs at di tettare stoffet er, di tynnare må tråden vere for at saumen skal bli fin.

Under tjukksaumen kan ein bruke laustvinna bomullsgarn, stoppegarn. Dersom ein syr på linstoff kan ein også bruke laustvinna lingarn å sy med.

Når broderiet er ferdig må det vaskast og strykast. Men stryk det alltid med vranga opp og på eit mjukt underlag. Dette for at broderiet ikkje skal bli flatt. Spesielt er dette viktig når det er mykje tjukksaum.

På sidane 54 til 59 har vi laga detaljar av broderi, noko som vil gjere det enklare å sette saman andre kombinasjonar.

Vi ynskjer alle mange trivelege stunder med dette handarbeidet. På dei fylgjande sidene vil ein sjå trinn for trinn korleis ein går fram med syinga. Teiknforklaring finn ein på side 54.

## *Litt om stell av tekstilar*

Vask av broderiet må gjerast før bruk. Ikkje stryk broderi som er skitne.

Linstoff må ikke vaskast over 60°C, fordi fibrane blir svekka. Bomullstoff kan kokevaskast. Bruk helst eit nøytralt vaskemiddel. Bruk ikkje skyllemiddel, fordi det vil øydeleggje den naturlege stivheita som er i lin og bomull.

Skal broderiet leggjast vekk for lengre tid, må ein ikkje stryke det. Då kan det gulne.

Oppbevaringsstaden må vere rein og ha god ventilasjon. Det må vere passe temperatur og luftfukt.

Lyset er skadeleg over tid. La aldri tekstilet ha direkte sollys på seg over lang tid. Til dømes veggprydnader blir ofte falma og fibrane brest. Og denne prosessen kan gå snøggare enn ein trur.

Er det vanskeleg å halde det mørkt, så dekk til tekstilane med reine bomullsklede eller syrefritt silkepapir. Øskjer og kister er fine oppbevaringsstadar. Støv verkar nedbrytande på fibrane, så det er viktig å halde tekstilane reine.

Møll kan ikkje leve av rein ull åleine, men må ha tilleggsnæring, til dømes frå flekkar på tekstilane.

Plast er mykje brukt til å dekkje tekstilar. Men ver varsam, plast er eit tett materiale. Ved temperatursvingingar kan det skapast kondens, som vil gje flekkar (jordslag) på kort tid.

Stryk ikkje brettar på stoffet, det vil etterkvart øydeleggje fibrane. Det beste og penaste, blir å rulle broderiet hardt på til dømes ei papphylse, som må vere litt breiare enn tekstilen. Slik held ein broderiet glatt.





*Dette er det naudsynt å ha klart før ein startar på engelsk broderia:*

Blyant, overføringspapir, pren, sakser, måleband, nåler og tråd. (Og ein spegel.)  
Ynskjer ein heil og rein symmetri kan myntar, kaffekoppar eller skåler brukast til å teikne jamne sirkclar og bogar.

**Sying av engelsk hol:**

Sy rundt det oppmerka holet med små tråklesting. Dersom det er eit lite hol, stikk ein pren gjennom stoffet for å lage eit hol. Bruk same tråden som det vart tråkla med til å sy tette kastesting (cordonnetsting) rundt holet. Fest tråden ved å sy den inn under dei siste 4-5 stinga på baksida. Bruk ei tynn synål til festinga, og fest tråden ved kvart hol. Dersom det er eit større hol ein skal sy, er det ikkje nok å bruke pren for å lage hol. Ein må klippe holet med ei spiss og skarp saks. Klipp i trådretningane, brett stoffet til baksida og jevn holet rundt og fint. Kanskje finn ein noko som passar





til pren, som fyller holet. Overflødig stoff vert klipt vekk til slutt. Ved større hol må ein klippe eit dobbelt kryss for at det skal verta rundt.

**Hol sett saman til rekkje:**

Sy tråklesting rundt dei oppmerkte sirkclare i «åtte-tall», og sy over kantane på same måte som ved enkle hol.

**Avlange hol:**



Sy tråklesting rundt holet. Klipp opp på langs og om nødvendig vinkelrett ut mot tråkingane. Sy tette kastesting.



### *Tjukksaum:*

Dette er egentleg plattsaum med undertråkning. Tjukksaumen er spesielt sterk, og vart tidlegare mykje bruka på sengetøy. Bokstavar og monogram vart ofte brodert i denne teknikken.

- Sy tråklesting rundt motivet to gonger.
- Fyll flata innanfor med tette sting parallelt med konturlinja. Bruk tråklesting eller kontursting, lange på retta og korte på vranga.
- Sy plattsaum på tvers av fyllinga. Dersom flata er breiare enn 1 cm deler ein opp saumen.



### *Runde former (knoppar):*

Desse skal ikkje undertråklast med tråklesting, men syast med kastesting i to lag slik at stinga vert liggjande vinkelrett på kvarandre. Det er lettest å få forma sirkelrund dersom ein i det øverste laget syr frå midten og ut.

### *Tungekant:*




Sy forsting to omganger i kvar av konturlinjene. Fyll mellomrommet med forsting, eventuelt kjedesting. Sy over kanten med tungesting. Klipp bort stoffet inntil stinga. Her er det naudsynt å vere forsiktig.

### *Skyggebol:*

Teikn dobbel strek rundt omrisset og sy forsting langs begge strekane. Mellomrommet mellom forstinga vert også fylde med forsting. Klipp og sy rundt med kastesting som vist på bildet.

### *Kontursting:*

Stinga vert sydde nedanfrå og opp. Stinga kan syast som venstresting og som høgresting. Det vanlegaste er å sy stinga som høgresting. Stikk nåla opp på retta. Ta eit langt sting framover og eit lite tilbake.



# Osteband

*frå Haram*



*Sydd i 1915 av Sofie Heltzen Håheim i Skodje.*

*Eigar er Ingvild Hansen.*



10 X 60 CM

12

Ostebandet vart brukt til pynt kring osten, og vart oftast festa med ein knapp. Dette var ein sylvknapp med ein pigg, som vart pressa inn i osten. Bandet passar til ein ost på minst 4 kg, men dette mønsteret er forminska slik at det kan brukast kring ein ost på 1 kg.

Materialet er lin, 24 trådar pr. cm, tråden er namnegarn. Broderiet er plassert langs midten av bandet med tre mønsterrapportar.

Det er brukt plattsaumsting, kontursting og engelsk hol i broderiet. I tungekanten er brukt knappholsting.



# Tørklemappe

frå Storfjord



*Sydd i 1918 av Anna Helset, Hellesylt.*

*Eigar er Beate Hole.*





24 X 27 CM

Slike mapper vart brukt til å leggje lommeørkle eller hanskar i. Denne mappa er ikkje samansydd, men verkar som eit omslag. Broderiet er spesielt fordi det har andre formar enn i mange av dei andre broderia.

Vi har teikna fire små mønster som kan vere vellukka på slike små ting.

Materialet er lin, 24 tråder pr. cm, tråden er lin og namnegarn. Det er brukt tjukksaum, engelsk hol og kontursting i broderiet. Mappa har ein holfald på 15 mm rundt kanten, og broderiet ligg 5 mm frå holfalden.





# Krage

*frå Surnadal*



*Sydd i 1920 av Gjertrud O. Telstad, frå Surnadal.*

*Eigar er Marit Schei.*


**HALSVIDDE 31 CM**

Dette er ein pyntekrage som vart brukt på barnekjole. Med å utvide halsvidda blir kragen også ein fin pyntekrage for vaksne.

Motivet er plassert rundt kragen, og 15 mm fra halsen er det ei rad med kontursting.

Det er brukt tjukksaum, engelsk hol og kontursting i broderiet. Tungekanten har knappholsting.

Tråden er namnegarn.



# Krage

*frå Rauma*



*Sydd i 1915 av Halvarda Bu, Isfjorden.*


*Eigar er Oddlaug Bu.*

31 X 9 CM

Motivet er plassert rundt kragen, der hol og tunger går inn i motivet.


Det er brukt tjukksaum, kontursting og engelsk hol i broderiet. Knappholsting i tungekant og i halskanten.

Materialet er bomullslerret, ca. 25 tråder pr. cm. Tråden er namnegarn.



# Brikke

*frå Molde*




*Sydd i 1920 av Karen Gjelsten, Fiksdal.*

*Eigar er Ingeborg Gjelsten.*

30 X 23 CM


Denne brikka har eit fint og enkelt motiv, lett å sy for nybyrjarar. Motivet er plassert rundt brikka, ca. 15–25 mm frå tungekanten.

Materialet er bomullslerret, ca. 26 tråder pr. cm. Tråden er namnegarn. Brikka er sydd i tjukk-saum, kontursting og engelsk hol med knappholsting i tungekanten.



# Brikker

frå Fræna og Rauma



Slike små brikker vart oftast brukt på nattbord, men dei kunne og finnast på serveringsbrett og anna. Det var alltid bruk for dei.

Mønsteret på side 23 er sydd i 1925 av *Karoline Tverli Nygardsvoll, Aureosen*.

Materialet er bomullslerret, ca. 24 tråder pr. cm. Det er brukt tjukksaum, kontursting og engelsk hol i broderiet. Knappholsting i tungekanten. Tråden er namnegarn.

Motivet er plassert rundt brikka og mønsterrapporten er 1/4 av sirkelen, 15–20 mm frå tungekanten.

*Eigar er Berta Nygardsvoll.*

Mønstra på side 24 og 25 er sydd i 1920 av *Hallvarda Bu i Isfjorden*.


Materialet er bomullslerret, ca. 22 tråder pr. cm. Det er sydd tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Knappholsting i tungekanten. Tråden er namnegarn.


Desse små brikkene eignar seg godt til krage, både for barn og vaksne.


Mønsteret på side 25 har vi teikna som ein krage, utan å forandre motivet.

*Eigar er Oddlaug Bu.*











# Løparar

frå Surnadal og Rauma



a) Vi har ikkje opplysningar om kven som har sydd løparen.

Materialet er bomullslerret, ca. 24 tråder pr. cm. Det er 2 rapportar i holmønster med 4 roser i kvar rapport. Saumen er tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Tungekanten har knappholsting. Brodertråd er namnegarn.

*Eigar er Oddlaug Østbø.*

150 X 30 CM



b) Sydd på Åndalsnes i 1898, av kven veit vi ikkje.

Materialet er lin, 24 tråder pr. cm. Motivet har roser i kvar ende med tre ovaler i holmønster. Saumen er tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Tungekanten har knappholsting. Brodertråd er namnegarn.

Motiva til desse løparane kan godt overførast til klede, til dømes front på kjole eller vest.


*Eigar er Tutta Mjelva.*

144 X 35 CM



# Duk

frå Ørskog




*Sydd i 1910 av Anna Regine Mørtvedt på Hadeland.*

*Eigar er Anna Sofie Amdam.*

**DIAMETER 60 CM**


Ein fin og enkel liten bordduk. Motivet er mykje likt løparen frå Rauma på føregående side. Motivet går frå midten av duken.

Materialet er lin, ca. 18 tråder pr. cm. Saumen er tjukksaum, plattsaum, prikker, stilker og engelsk hol. Knappholsting i tungekanten og brodertråden er namnegarn.



# Duk

*frå Storfjord*



*Sydd av Oline Blomberg i 1918 på Hellesylt.*

*Eigar er Solveig Sundgot.*


**DIAMETER 53 CM.**

Materialet er lin, ca. 22 tråder pr. cm. Mønsteret følger sirkelen på duken. Ein fin liten duk som kan brukast til mykje.

Dei små blomstrane i kvar sin rapport kan brukast på mange forskjellige måtar og i ymse kombinasjonar.

Her er saumen tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Knappholsting er brukt i tungekanten. Brodertråden er namnegarn. Materialet er lin, ca. 22 tråder pr. cm.





# Dåpskjole

frå Molde



*Sydd av Karoline Vestad på Nordre Bjørnsund  
i 1912.*

*Eigar er Aud Holth.*

Dåpskjolen passar til baby på to til fire måneder. Ein god tradisjon kan vere å brodere namn og dato på dei dåpsbarna som etterkvart brukar kjolen. Desse broderia blir oftast sydd som ein dekorasjonsbord nedst på kjolen.


Mønster til kjolen kan ein finne i dette heftet. Her er mange fine ting som kan setjast saman til ein vakker kjole.

Materialet er bomullslerret. Mønsteret går rundt heile skjørtet nede på kjolen. Det er ein enkel holbord nede på skjørtet med små hol oppover. Framme på ermane er det også holbord.

Saumen er engelsk hol, med knappholsting i tungekanten. Brodertråd er namnegarn.

# Frontstykket

frå Fræna



*Sydd av J.M. Bergset Lein i 1920, frå Vistdal.*


*Eigar er Elbjørg Flore.*


Dette framstykket er klipt av ein nattkjole eller ein bluse. Motivet kan bli dekorativt på eit selskapsplagg.

Motivet er typisk Jugendstil og kan også minne om den amerikanske brukskunstneren Louis C. Tiffany (1848–1933) sine elegante glassarbeider.

Forma på broderiet følgjer halsringinga og nedover framme som ein trekant.

Materialet er bomullslerret, ca. 24 tråder pr. cm. Stykket er sydd i tjukksaum, engelsk hol og kontursting. Tråden er namngarn.






Denne drueklasen vert samanføyd med hovedmotivet ved pila. Men ein kan også berre bruke hovedmotivet.

Ein kan også spegelvende hovedmotivet for ein større flate til ein duk.

# Pyntehandklede

frå Ålesund



Pyntehandkle vart brukt til å dekke handkle som var i bruk. Dei var ofte fint sydde og mange har monogram og årstal.

I eldre tider var pyntehandkleet ein del av «bostkastet». Staden der hårbørste og kam vart lagd etter bruk. Desse bostkasta var fint utskårne. Over ein stav under «hylla» hengde ein så pyntehandkleet.


Ofte hadde ein spesielle pyntehandkle til ymse anledningar.

Vi har ikkje opplysningar om kven som har sydd dette pyntehandkleet.

*Eigar er Bjørg Aakvik.*

130 X 59 CM

Motivet har tre store tunger, som motivet er plassert ca. 14 cm over. Materialet er bomullslerret, ca. 24 tråder pr. cm. Det er sydd tjukksaum, kontursting, engelsk hol og knappholsting i tungen. Brodertråd er namnegarn.



*Sydd av Alvhild Aae i 1920 i Rånes.*

*Eigar Gunnlaug Tjåland.*

120 x 69 CM

Materialet er bomullstråd, ca. 25 tråder pr. cm.  
Broderiet er plassert nede ca. 8 cm frå tungekanten.

Saumen er tjukksaum og kontursting, engelsk  
hol og knappholsting i tungekanten. Tråden er  
perlegarn.

# Pyntehandklede

frå Haram



*Sydd av Josefine Skåravik i 1920, i Brattvåg.*


*Eigar er Andrea Løvøy.*

130 X 67 CM

Her har vi eit døme på fleire ting med same motivet, laga til eit sett. Posen kan vere til nattklede eller til skittentøy.

Materialet er bomull i korskyper. Dei er både sydde i tjukksaum, kontursting, engelsk hol og knappholsting i tungekanten. Brodertråd er namnegarn.





*Hugs at alt som skal syast på øvre delen av pyntebandkleet, til dømes monogram, må broderast på vrangen. Dette fordi vranga blir bretta over til retta når bandkleet skal hengast opp.*

*Sydd av Anna Regine Mørtvedt i 1910 på Hadeland.*


*Eigar er Anne Berit Amdam.*

140 X 68 CM

Her har vi eit rett stort motiv, ca. 5 cm fra tungekanten. Bokstaven er sydd ca. 10 cm frå tungekanten. Begge er sydd på vranga.


Materialet er lin, ca 28 tråder pr. cm. Her er brukt tjukksaum, kontursting, engelsk hol og knappholsting i tungekanten. Brodertråd er namnegarn.





# Duk

*frå Storfjord*




*Sydd av Nikoline Strømmegjerde i 1913, i Sykkylven.*

*Eigar er Liv Hellebostad.*


96 x 91 CM

Materialet er lin, ca. 20 tråder pr. cm. Broderiet er plassert rundt kanten av duken mot ein indre sirkel med diameter på 61 cm. Denne består av engelsk hol. Det er også brukt plattsaum, kon-tursting og knappholsting i tungekanten. Broder-tråd er lingarn.



# Duk

frå Haram




*Sydd i 1923, i Vatne.*

*Eigar er Asbjørg Ulvestad.*

125 x 125 CM


Materialet er bomull, ca. 22 tråder pr. cm. Broderiet går rundt kanten på duken. Ein rapport er 1/4 duk, med hovedmotivet i hjørna.

Duken er sydd i tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Tråden er namnegarn.



# Duk

*frå Molde*



*Sydd av Ingeborg Tennøe i 1900, i Ålesund.*

*Eigar er Torbjørg Festø.*

140 x 140 CM

Denne duken har ein heilt spesiell tjukksaum med særst høge og fint utførte blad. Motivet er fint komponert, og kan med fordel brukast på klesplagg.

Materialet er lin, ca. 28 tråder pr. cm. broderiet går rundt ein firkant litt inne på duken, 4 cm frå holfald. I hjørna er motivet med druerankane dobla.

Duken er sydd med tjukksaum i blad og stilkar, kontursting som går over i tjukksaum og engelsk hol. Brodergarnet er namnegarn.





# Duk


*frå Surnadal*



*Sydd av Marit Holmeide i 1920, i Kristiansund.*

*Eigar er Frida Andreassen.*

Engelsk hol lagar forma på blomster og blad. Broderia slynger seg usymmetrisk rundt midten av duken, og med litt store tunger langs ytterkanten.



Materialet er lin, ca. 28 tråder pr. cm.  
Duken er sydd i tjukksaum, kontursting, engelsk hol og knappholsting i tungekanten. Tråden er namnegarn.

128 x 128 CM

# Forkle

frå Molde




*Sydd av Kristine Kofod i 1900, i Danmark.*

*Eigar er Ester Legernes.*

60 X 60 CM

Dette er eit pynteforkle med ein fin bord, som kan passe på både duk og løpar. Broderiet er plassert nede på forkleet som ein bord.

Materialet er lin, ca. 30 tråder pr. cm. Saumen er tjukksaum både i blad og stilker med engelsk hol og knappholsting i tungekanten. Tråden er namnegarn.



# Sengesett

frå Aure



*Sydd i Aure i 1930 åra.*

*Eigar er Ester Bjørholm.*

Settet passar til ei vogge, vogn eller ei lita barne-seng.

Broderiet er plassert midt på, både på dynetrekk og putevar, som også har rynkekappa rundt kanten.

Materialet er bomulls-lerret (staut), og sydd i tjukksaum og engelsk hol. Hol er også fylt inn med bobbinett.





*Sydd av Karen Anna Eide i 1915, i Eidsbygda.*

*Eigar er Mossi Holseter.*

Det var vanleg å sy slike sett, der same motivet blei brukt, som her, på overlaken, putevar, pyntehandkle og nattøypose.

Materialet er bomullslerret i laken og putevar, linlerret i pyntehandkle og nattøypose. Sydd i tjukksaum, kontursting og engelsk hol. Brodergarnet er namnegarn.

# Mønsterdetaljar



*Engelsk bol*

*Skyggebol*

*Tjukksaum/plattsaum*


*Kontursting*





*Tungekant/knappholsting*




På dei følgjande sidene har vi sett opp detaljar for ymse mønster. Treng ein å forstørre eller forminske eit mønster er det enklaste å gjere det på ein kopimaskin med «zoom». Særleg bokstavane på side 60 og 61 vil ein kanskje ha større.




Bokstavar og tal finn ein i mange variantar, og den personlege smaken gjer at kvar og ein får finne sin stil.





















A B C D E F G H

I J K L M N O P R

S T U V W X Y Z

1 2 3 4 5 6 7 8 9 0

# Husflidslag i Møre og Romsdal

---

Aukra	Norddal	Tingvoll
Frei	Rauma	Vestnes
Fræna	Rindal	Veøy
Giske	Smøla	Volda
Haram	Storfjord	Ytre Søre Sunnmøre
Kristiansund	Sula	Ørskog
Midsund	Sunddal	Ålesund
Molde	Surnadal	Ålvundeid og
Måndalen		Ålvundfjord

## Husflidskonsulenten

Fylkeshuset, 6400 Molde  
Telefon 71 25 80 00 - 71 25 88 46. Telefax 71 25 88 46



## Litteraturliste

- |  |  |
|--|--|
| «Engelsk Syning og Kniplegrund»                                      | <i>Bayer Haandarbeidsbøger, serie OOE<br/>Ålesund Biblioteks arkiv</i>         |
| «Håndarbeidsbok»<br>Judy Brittain                                    | <i>Teknologisk Forlag A/S, Oslo 1982<br/>ISBN 82-5120262-0</i>                 |
| «Norsk Husflid» nr. 6/1981   | <i>Norges Husflidslag</i>  |
| «Sting og Søm»<br>Edle Astrup, Ragnhild B. Molaug<br>Helen Engelstad | <i>H. Aschehoug &amp; Co (W. Nygaard)<br/>Oslo 1973<br/>ISBN 82-03-05882-5</i> |
| «Skriftboka»<br>Halfdan Arneberg                                     | <i>J.W. Cappelens Forlag A/S, Oslo 1951</i>                                    |





*Kristiansund*

Hauggt. 15  
Telefon 71 67 17 70  
Telefax 71 67 40 55



*Surnadal*

Butikk Centeret  
Telefon 71 66 17 16  
Telefax 71 66 17 16

Gaver som varer finner  
du i HUSFLIDENS utsalg.  
Norsk tradisjon med god design.

NATUR  
KULTUR  
KVALITET



*Ålesund*

Parkgaten 1  
Telefon 70 12 16 68  
Telefax 70 12 21 05



*Molde*


Storgaten 15  
Telefon 71 25 15 84  
Telefax 71 25 15 84



Arendal	Gjøvik	Kristiansand S.
Bergen	Gol	Kristiansund N.
Bodø	Hamar	Larvik
Brønnøysund	Holmestrand	Levanger
Elverum	Hønefoss	Lillehammer
Fagernes	Kongsberg	Mandal
Flekkefjord		Mo i Rana

De fleste av  
**HUSFLIDENS** utsalg  
vil føre eller skaffe  
de materialene du trenger.

De gir også veiledning i søm av  
**ENGELSK BRODERI.**



Molde	Skien	Trondheim
Mosjøen	Stavanger	Trysil
Moss	Steinkjer	Tønsberg
Mysen	Stjørdal	Vestvågøy
Oppdal	Surnadal	Voss
Oslo	Tromsø	Ytre Arna
Porsgrunn		Ålesund



## GRUNNLEGGENDE VERDIER

nærhet til røttene  
nærhet til naturen  
glede over skaperevne  
glede over godt håndverk  
glede over mangfold

Det skal være mulig for alle som bor i Norge å oppleve gleden ved å skape og bruke gjenstander med røtter i folkelig tradisjon.

## VISJON

## VIRKSOMHETSIDÉ

Norges Husflidslag skal styrke den levende husflids-tradisjonen i Norge ved å organisere aktiviteter og tiltak som utvikler husflids-faglig interesse og kunnskap, produksjon og omsetning.

- 1 Synliggjøring av husflid og Norges Husflidslag
- 2 Husflidsfaglig kompetanseheving
- 3 Organisasjonsutvikling

## SATSINGSOMRÅDER

 NORGES HUSFLIDSLAG